

# Møteinkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** E-post, Aurland

**Dato:** 05.07.2016

**Tidspunkt:** 14:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post  
[fmsfano@fylkesmannen.no](mailto:fmsfano@fylkesmannen.no). Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet vert gjennomført med svar på e-post. Send svar innan 5.juli kl. 14.00.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 18/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 20/16	Nærøyfjorden landskapsvernombåde - reparasjon av stien frå Langhuso til Jonadalen		2016/2335

**ST 18/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 19/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

Arkivsaksnr: 2016/2335-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	20/16	05.07.2016

## Nærøyfjorden landskapsvernombåde - reparasjon av stien frå Langhuso til Jonadalen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Undredal Sameigelag løyve til utbetring av eit parti ved bekken Skratla på stien frå Undredal til Jonadalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombådet og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Fjellknausen i bekkefaret i Skratla kan skytast vekk slik at det vert ei hylle til stien. Tiltaket skal avgrensast til partiet med glatt fjell mellom eksisterande sti på hylla i bekkefaret. Tiltaket skal avgrensast til inntil 1 meter breidde, og inntil 3 – 5 meter lengde
- Tiltaket skal avgrensast til det som er naudsynt for å koma forbi med kløvhest
- Utbetring av stien skal ikkje endra stien utover å vera ein tradisjonell sti
- Undredal Sameigelag og Voss utferdsdag har ansvar for tilsyn og vedlikehald av stien
- Tiltaket skal ferdiggodkjennast ved synfaring på tiltaket saman med verneområdeforvaltar

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast Aurland kommune om løyve til tiltaket etter plan- og bygningslova.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Undredal Sameigelag om reparasjon av turistløype til Jonadalen, datert 19.06.2016
- Bilete frå stien, tatt av verneområdeforvaltar 03.06.2016
- Kart med innteikna plass for utbetring.

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Undredal Sameigelag søker om reparasjon av turstien frå Langhuso til Jonadalen ved bekken Skratla. I dette området er stien rasa ut. Sameiglaget søker om å sprengja ut ein betre sti slik at den er brei nok til å gå med hest med kløv. Denne stien er stølsvegen til Jonadalen og vidare til Nisedalen for grunneigarar i Undredal, og det har vore ein sti som er nytt til kløvhest. Stien er ein T-merkt sti, og er ein del av stinettet frå Grindaflethytta. Voss Utferdslag har tilsyn med dei T-merkte stiane i området.

3. juni i år var forvaltar og SNO på synfaring saman med representant frå Voss utferdslag for å sjå på skadane på stien i bekken Skratla. Stien låg på ei hylle i bekkefaret, men er rast ut slik at det berre er glatt fjell att. Det går årleg snøskred i dette området. Det vil vera trøng for å fjerna fjellknausen i lengde på 3 til 5 meter, og med ei breidde på inntil 1 meter.



*Merket område for utbetring. Foto Anbjørg Nornes*



Sti til Jonadalen. Utklypp frå fylkesatlas

## Lovgrunnlaget

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «verna mot alle inngrep eller tiltak som kan verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld «...drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak...» jf. § 3 1.1 a)

Vanleg vedlikehald av stiar kan gjennomførast utan særskilt løyve.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av nye bruer og klopper. Reparasjon av stien som medfører sprengingsarbeid er ikke eit tiltak som kjem inn under desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et verneverd tak dersom det ikke strider mot verneverd takets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*» jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

I Nærøyfjorden landskapsvernombordet er kulturminne som stølar og stølsvegar ein viktig del av landskapet. Mange av stølsvegane vert i dag nytta som turstiar, og er viktige innfallsportar til landskapsvernombordet. Stien frå Langhuso i Undredal til Jonadalen er ein lett tilgjengeleg turveg inn i området, og den er mykje nytta av turgåarar til og frå Grindaflethytta. Grunneigarane nytta stien for tilkomst til beiteområde og jaktområde. Om hausten vert det nytta hest med kløv for transport av viltkjøt. Det er ikke kjente førekommstar av trua og sårbar naturtypar eller artar (Naturbase 21.06.2016) i området der stien går ved Skratla. Historisk bruk av stien og området er godt kjent gjennom lokalbefolkinga sin kunnskap om området. Kunnskapen om området jf. nml. § 8 er vurdert som god for å vurdera saka, og førevar-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikke vektlagt i denne saka.

Utbetting av stien er vurdert som naudsynt for å passera bekken på ein trygg måte. Sprenging av fjellknausen vil ikke gje stort inngrep i landskapet, og vil ikke føra til nemneverdig skade på naturverdiene i området. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet eller til skade på verneverdiene, og vurderer på denne

bakgrunn at vilkåra for å vurdera tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd er oppfylt.

Under synfaringa 3. juni vart det vurdert om stien kunne leggast om for å unngå inngrep i landskapet. Forvaltninga skal vurdera den beste miljømessige metoden for tiltak i verneområdet jf. nml. § 12. Det var ikkje mogleg å finne ein annan bra stad for passering av bekken Skratla utan at det ville føra til nye terrenginngrep. Det vart også vurdert å mura opp stien i bekkefaret. Dette vil truleg føra til større inngrep med ein høg mur, og stor fare for at muren vil verta skada av nye snø- og steinras i bekkefaret. Å sprenga vekk ein del av fjellknausen i bekken vil mest truleg vera det tiltaket som vil gje minst inngrep i landskapet, og det vil redusera vedlikehaldsarbeid på stien til arbeid med steinrydding etter nye ras. Forvaltar vurderer sprenging av fjellknausen som beste alternative løysinga for utbetring av stien i dette tilfellet.

Ein trygg sti legg eit godt grunnlag for at det fortsatt kan kløvjast med hest på stien. På hausten vil bekken i Skratla vera vanskeleg å passera på grunn av vatn og fare for glatte parti. Dette vil gjera det vanskeleg å bruka hest i samband med transport. Ved å legge til rette for fortsatt bruk av hest til transport, reduserer det trøngen for motorisert ferdsel i området. Utbetring av stien er i tillegg naudsynt for at den kan nyttast på ein trygg måte for turgåarar i området.

Sprenging er vurdert som best eigna metode for utbetring av stien på dette punktet. Tiltaket vil ikkje føra til store endringar i landskapet, og er vurdert som eit bagatellmessig inngrep. Tiltaket er vurdert som spesielt for denne saka, og vil lite truleg føra til presedens for andre saker. Inngrepet skal avgrensast til det som er naudsynt for ein sti for kløvhest. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å gje auka belastning på naturmiljøet jf. nml. § 10. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføra noko miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12 vurderer forvaltar at tiltaket kan gjennomførast med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.